

Invitasjon til oppstartsseminar om Lysplan for Smelteverkstomta 15.juni

Lysplan for Smelteverkstomta

Smelteverkstomta i Odda er nattetid eit mørkt område. Fleire av bygningane er forlatte og nedslitte, samtidig som ein del har fått ny bruk. Det er lite lys mellom bygningane og det oppfattast dermed som eit utrygt område når det er mørkt.

Transformasjonsprosessen på Smelteverkstomta kjem fortsatt til å ta mange år. Odda kommune ynskjer å bruke lys til å trekke folk inn på området og synleggjere dei fasilitetane som skal vere der i framtida. Det såleis ynskjeleg å utarbeide ein helskapeleg lysplan for utandørsareala. Lysplanen skal innehalde eit overordna lyskonsept og syne prinsipløysningar for aktuelle situasjonar. Det vil sei for eksempel gangstiar, effektbelysning, hovudgater, bilveg osv. Det skal leggast vekt på menneska inne på området og korleis ein skal nytte lys til å auke tilkomst og bruk.

Det skal være spesiell fokus på tre bygningar som blir som fyrstårn; ovn 3, skalltaket og cyanamidfabrikken. Desse fyrstårna er dei største bygningane på området og er synleg frå store deler av Odda. Lysplanen skal ha eigne prinsipløysingar for desse.

Lysplanen er finansiert gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland.

Oppstartsseminar

Gjennom anbodskonkurransen er Zenisk AS valgt som utførande konsulent. Arbeidet startar 15.juni. Denne dagen vil Zenisk, saman med Odda kommune, invitere til oppstartsseminar for alle med interesse for arbeidet. Føremålet med seminaret er å få innspel på kva som bør vektleggast når Smelteverkstomta skal lyssettast.

Zenisk vil òg halde eit inspirerande foredrag om korleis lys kan nyttast for å skape gode løysingar. Seminaret er opent for alle og påmelding er ikkje naudsynt.

Tentativt program:

- | | |
|-------|--|
| 12:00 | Presentasjon av bakgrunn for arbeidet og Zenisk AS |
| 12:15 | Kva må me forstå om lys for å få eit godt resultat? Kva er ein lysplan? |
| 13:00 | Kaffe |
| 13:15 | Kva er viktig i Odda? Me brainstormar over ulike tema som funksjonar, estetikk, tilgjengelegheit, trygghet, turisme, visjonar, ferdsel mm. |
| 15:00 | Oppsummering og avrunding. |

Det er særst viktig med innspel frå grunneigarar, lag- og organisasjonar, brukarar og ålmenta generelt.

Stad: Meieriet kulturhus, storesal

Dato: Måndag 15. juni 2015

Tidspunkt: 1200-1500

Kontakt: Kristian Eide Jensen, tlf. 975 58 600

